



Fusa kommune
Postboks 24
5649 EIKELANDSOSEN

Dato: 08.12.2016
Vår ref.: 2016/11168-6
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Fråsegn til melding om oppstart og høyring av planprogram for kommunedelplan for akvakultur 2018 - 2027 - Fusa kommune

Vi viser til brev datert 20.10.2016 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for akvakultur med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å klargjera arealbruk og rammevilkår for akvakulturverksemd i kommunen sine sjøområde. Planen skal innehalda føresegner og retningslinjer og eit arealkart som vert ein del av det juridiske arealkartet til kommuneplanen.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga og planprogrammet ut i frå fylkeskommunen sitt sektoransvar og målsetjingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Relevante planfaglege innspel

Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger er under utarbeiding, men enno ikkje vedtatt. Men vi vurderer det som ei god løysing at kommunen nyttar retningslinjene for akvakultur i regional kystsonenplan som grunnlag for planprogrammet.

I planarbeidet for kystsonenplanen er det gjort eit stort arbeid med å skaffa fram eit godt kunnskapsgrunnlag. Kartløyning som er lagt til rette for presentasjon av dette kunnskapsgrunnlaget med plankart og temakart vil vera eit viktig hjelpemiddel og bør nyttast aktivt i planarbeidet. Det er her lenkje til kartløyninga på fylkeskommunen si nettside; [Regional kystsonenplan](#).

Om kapittel 2. Føringer for planarbeidet. Her vert det referert til Nasjonale og kommunale forventningar til regional og kommunal planlegging 2011. Det kom nye nasjonale forventningar i juni 2015 og desse må leggjast til grunn. Særleg er følgjande punkt relevant: «Fylkeskommunen og kommunen sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsonenplanlegginga, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet sees i et regionalt perspektiv.»

Planprogrammet viser til Hordaland fylkeskommune sitt regionale utviklingsprogram (RUP). Dette er omtala i Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017, men er no avvikla og erstatta av årlege handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland; HNH.

Regional næringsplan har tre strategiar; - meir entreprenørskap og innovasjon, - fleire med relevant kompetanse, - ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter. Handlingsprogrammet for 2016 fokuserer på desse, men på andre innsatsområde, mellom anna slik på marin sektor:

- Stimulere til ein berekraftig marin sektor i heile verdikjeda.
- Sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling.
- Samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet.

Det er positivt at kommunen legg opp til god dialog og brei medverknad frå aktuelle organ og interesser.

Akvakultur

Hordaland fylkeskommune forvaltar akvakulturlovverket i Hordaland fylke. I samband med planlegging etter plan- og bygningslova har fylkeskommunen lovfesta rett og plikt til å medverke i det kommunale planarbeidet (PBL §§ 11-4,5) for å ivareta statlege og regionale omsyn, og for å medverke til at planen får eit godt fagleg fundament. Hordaland fylkeskommune ser det som viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa.

Ny plan- og bygningslov, plandelen, har verka sidan 01.juli 2009. Sentralt i høve til planlegging av sjøareal tilknytt akvakultur er PBL § 11-7 pkt. 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, og § 11.11 pkt. 3 Bruk og vern av vassflate, vassøyle og botn, og pkt 7 Kva artsgrupper eller artar av akvakultur som einskild eller i kombinasjon kan etablerast.

Akvakulturverksemd vert regulert under akvakulturlova gjeldane frå 01. januar 2006. I høve til planlegging etter PBL er det særleg akvakulturlova § 15 som er sentral, løyve til akvakultur kan ikkje gjevast i strid med vedteken arealplan etter plan- og bygningslova.

Med bakgrunn i nye krav i ny plan- og bygningslov og ny akvakulturlov er det trong for at sjødelen av arealplanen til Fusa kommune vert rullert.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar som grensar til dei same sjøområda.

Gjennom Fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy finn ein geografisk informasjon om alle godkjente akvakulturlokalitetar. Kartløysinga legg og til rette for nedlasting av temadata innan akvakultur (sosi- eller shapeformat) <http://kart.fiskeridir.no/adaptive/>

Kommunen har prioritert følgjande fokusområde i planarbeidet:

- Storleik på akvakulturområde kring eksisterande lokalitetar
- Gjennomgang av om eksisterande akvakulturlokalitetar er eigna
- Mogelege nye akvakulturområde
- Fortøyningar og ankerfeste til oppdrettsanlegg
- Akvakulturområde som tangerer område avsett til fiske
- Fortøyningar frå oppdrettsanlegg som ligg i nabokommunar
- Interkommunalt samarbeid – felles sjøområde
- Innspel knytt til akvakultur (landbasert, parkeringsplassar osv)
- Område for tareproduksjon

Det er viktig at kommunen planlegg områda for akvakultur store nok, slik at ein tek høgde for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye artar. I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trong for sjøareal i framtida. Vi oppmodar og kommunen til å kontakte fylkeskommunen for innspel dersom det er trong for det.

Hordaland Fylkeskommune meiner og at det er positivt at kommunen tar høgde for nye områder og nye artar innan akvakultur. Tare dyrking kan vere eit godt døme på det.

Hordaland Fylkeskommune vil visa til Kvinnherad kommune sitt arbeid med rullering av arealdelen til kommuneplanen. Planen vil truleg resultera i løysingar som vil vera aktuelle å gjera nytte av i kommunedelplan for akvakultur i Fusa.

Fortøyingane til akvakulturanlegga ligg ofte utafor område sett av til akvakultur. Føresegnene bør supplerast med at det er høve til å leggje fortøyingar og forankringar i fleirbruksområde utafor området avsett til akvakultur. Det er viktig at føresegnene vert utforma slik at til dømes utlegging av nye fortøyingar frå eksisterande oppdrettsanlegg, med ei anna plassering enn tidlegare, kan handsamast etter akvakulturregelverket utan ei kommunal dispensasjonshandsaming i forkant. I fleire vedtekne arealplanar er det tatt høgde for dette i føresegnene:

"6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6

Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde

6.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.

6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmpumper, straum- og telenett.

Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3."

Det er særst viktig at kommunen planlegg godt slik at ein ikkje får trong for dispensasjonar etter kort tid. Blir områda små kan dette gjera det vanskeleg å skifta ut anlegg og fortøyingar innanfor arealplanen, og ein vil kunne få søknad om dispensasjon frå planen ved mindre endringar på lokaliteten. Dette vil vera uheldig i tilfelle der verksemder vil skifta ut eldre anlegg med nyare, og til dømes meir rømmingssikre installasjonar.

Ny teknologi som etablering av lukka einingar for akvakultur kan krevje eit meir skjerma område for etablering. Det kan og vere aktuelt at slike anlegg må ha tilkomst til land, for til dømes ilandføring av fôrspill, tilgang til ferskvatn (sjukdomsførebyggande) og straum etc.

Areal- og transport

Planprogrammet bør ta med at det vert utgreidd behov for sjøtilkomst og sjønære areal for akvakulturnæringa, men og andre næringar/aktivitetar som har slike behov.

Bruk av sjøareala med sjøtransport og rekreasjon m.m., noverande og framtidig, bør omtalast og vurderast i høve til arealbruk og arealbehov, med vurderingar av korleis dei ulike interesseområda vert påverka av kvarandre. Det er forventa vesentleg vekst i områda rundt Bjørnefjorden og dette bør vera med i vurderingar og analyser.

Naturmangfald

Akvakultur i Fusa kommune er ein del av økosystemet i heile Bjørnefjordbassenget. Akvakultur og anna aktivitet i sjøområda, men og aktivitet på land, både i Fusa og i dei andre kommunane påverkar dette økosystemet. Eit godt kunnskapsgrunnlag om økosystema i Bjørnefjorden bør skaffast fram, presenterast og leggjast til grunn i planarbeidet for å sikra ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa og forsvarleg forvaltning av økosystemet.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune er positive til at Fusa kommune utarbeider ein kommunedelplan for akvakultur. Vi vil særleg peika på at kommunen bør utnytta det kunnskapsgrunnlaget som er etablert i arbeidet med regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Vi ønsker lukke til med planarbeidet og deltek gjerne i prosessen.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Per Nordmark
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Per Nordmark, regionalavdelinga, planseksjonen

Gunhild Raddum, samferdselsavdelinga, transportplanseksjonen

Trond Olav Wahl, regionalavdelinga, klima- og naturressursseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland